

Innretting og kriterium for folkemusikkstipenda til Vestland fylkeskommune

Revidert i hovudutval for kultur, idrett og integrering 17.03.2021.

Føremål

Folkemusikkstipenda skal gje høve til kunstnarleg utvikling og eksperimentering. Ordninga skal styrke og sikre arbeidet med immateriell og handlingsborene kulturarv.

Kven kan søkje

Stipenda kan tildelast musikarar, songarar og dansarar og dei som arbeidar med dokumentasjon, formidling eller instrumentbygging.

I vurderinga vert det lagt vekt på kunstnarleg og fagleg nivå.

Søkjar må vere busett i Vestland.

Stipenda kan berre søkjast av enkeltpersonar (ikkje grupper).

Kva kan ein få støtte til?

Det lysast ut

- Eit folkemusikkstipend
- To folkemusikk ung – stipend til søkerar under 30 år

Stipenda er meint å gje profesjonelle kunstnarar høve til ein periode med fordjuping og / eller fagleg påfyll og utvikling.

Det vert ikkje gitt støtte til offentleg godkjend utdanning som til dømes gjev rett til studielån.

Det vert ikkje gitt støtte direkte til utstyr og instrument.

Søknadsfrist

Stipenda lysast ut årleg.

Krav til søknad

Søkjar må fylle ut det nettbaserte søknadsskjemaet for ordninga. Det er ikkje krav om budsjett i søknaden. Det kan visast til relevante nettlinkar og leggast ved eitt PDF-vedlegg på inntil 9 MB. Det kan lastast opp lyd- og filmfiler i tillegg der dette er relevant.

Vurdering

- Det blir gjort ei skjønsmessig vurdering av aktivitet og kvalitet.
- Det blir lagt vekt på korleis søker gjennom søknaden presenterer seg sjølv, og korleis ein vil nytte ein stipendperiode til utvikling/fordjuping/ fagleg påfyll.
- To av stipenda skal tildelast søkerar under 30 år.
- Det er eit mål å stimulere til at det er høve til å leve og arbeide med immateriell og handlingsborene kulturarv i alle deler av fylket.
- Det skal vere kjønnsbalanse i tildelinga – ut frå søkermassen som ligg føre.

Vilkår for tilskot

Fylkeskommunen kan krevje betalt attende tilskot som vert nytta i strid med gjevne vilkår.

Sakshandsaming og vedtak

Det skal oppnemnast ein rådgjevande fagkomité for stipenda. Komiteane skal setjast saman av fagfolk frå utvalde kunstorganisasjonar og -institusjonar. Det skal vere ei blanding av fagfellevurdering og anna relevant fagleg kompetanse i komiteane.

Følgjande organisasjonar /institusjonar vert bedd om å nemne opp medlemmer til fagkomiteen for folkemusikkstipend:

Hardingfela.no
Hordaland Folkemusikklag
Sogn og Fjordane folkemusikklag Hordaland Ungdomslag
Sogn og Fjordane Ungdomslag
Osafestivalen
Førde internasjonale folkemusikkfestival

Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar til komiteen. Medlemmane skal oppnemnast for to år av gangen.

Stipendkomiteen er rådgjevande og skal vurdere og innstille søkerarar. Innstillingane skal vere grunngjevne. Det vert ikkje lagt fram offentlege vurderingar av andre enn dei nominerte kandidatane.

I komitéarbeidet skal god forvaltingsskikk og forvaltningslova sine bestemmingar om m.a. habilitet og teieplikt ligge til grunn.

Basert på arbeidet i komiteen legg fylkesrådmannen fram innstilling til hovudutval for Kultur, idrett og integrering som har det endelige vedtak i saka.

Oppfølging og rapportering

Dei som får tildeling må sende inn kort rapport på bruken av stipendet innan 3 månader etter at stipendperioden er ferdig. Rapporten skal syne korleis stipendet er nytta og kva resultat mottakaren har oppnådd i perioden.

Klage

Vedtak om tildeling av stipend er eit enkeltvedtak etter forvalningsloven § 2 første ledd bokstav b. Det er såleis klagefrist på vedtaket innan 3 veker etter at det er motteke skriftleg underretning.